

Normund Rolleiv Svoen

<b>Dykkar ref.:</b>	<b>Vår ref.:</b> 2020/5189 - 31227/2022	<b>Sakshandsamar:</b> Marit Kleiven	<b>Dato:</b> 23.09.2022
---------------------	--------------------------------------------	----------------------------------------	----------------------------

## **Avansert heimesjukehus (AHS) for barn og unge - nytt tilbud i Helse Førde**

Helse Førde vil i løpet av september 2022 starte opp ein forsøksperiode med avansert heimesjukehus for barn og unge (AHS). Det er barne- og ungdomsavdelinga i Helse Førde som er ansvarlege for tilbudet.

AHS tilbyr behandling, pleie og oppfølging til barn og ungdom (0-18 år) heime, så sant det er forsvarleg og praktisk mogleg, som alternativ til opphald på sjukehuset. Tilbod om heimesjukehus er ikkje avhengig av diagnose, men av problemstilling og tilstand, og om barn og familie ønskjer det.

Målet er å kunne tilby sjukehusbasert heimebehandling til barn som krev hyppig behandling i spesialisthelsetenesta, som eit alternativ til sjukehusopphald.

### **Kvifor heimesjukehus?**

- Barn og familiar har det som regel best heime
- Barn blir erfaringsvis fortare friske heime
- Kvardagen blir oppretthalden for heile familien
- Kvaliteten er like god som på sjukehuset
- Betre helse og auke livskvalitet for heile familien

### **Om tilbudet i Helse Førde**

Helse Førde vil starte tilbudet om AHS gradvis i løpet av september og vi presiserer at det er ein forsøksperiode hausten 2022 og våren 2023. Deretter vil forsøksperioden bli evaluert.

Frå 31. oktober 2022 vil det vere tilbod om AHS tre dagar i veka; Måndag, torsdag og fredag, frå klokka 07.00-15.00

- AHS er eit tilbod til barn som får behandlinga si i barne- og ungdomsavdelinga.
- Personalet i AHS består av erfarne sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar og overlege.

- AHS gir sjukepleie, medisinsk behandling, rettleiing og oppfølging i barnet sin heim, i tett samarbeid med ansvarleg lege og andre fagpersonar.
- AHS kan mellom anna tilby observasjon og vurdering, ernæringsoppfølging (sonde, amme) og vektkontroll, blodprøvetaking, antibiotikabehandling, enkelte cytostatikakurar, obstipasjonsbehandling, sårstell, smertelindring og palliasjon.
- Barnet har open retur til avdelinga dersom det skulle vere behov for reinnlegging på sjukehuset.

### **Samarbeid og samhandling**

AHS vil samarbeide med dei ulike tenestetilboda i kommunane. Det sikrar kvalitet og kontinuitet og skapar ein mjuk overgang mellom sjukehus og primærhelsetenesta.

I pasientsituasjonar der spesialisthelsetenesta har opplæringsansvar for primærhelsetenesta, vil delar av opplæringa kunne bli gitt av avansert heimesjukehus i kommunen.

### **Kontaktperson for spørsmål**

Har du spørsmål om tilbodet om avansert heimesjukehus for barn og unge, kan du ta kontakt med:

- Seksjonsleiar Jorunn Sollid ved barne- og ungdomsavdelinga, telefon 57 83 95 15, e-post [jorunn.sollid@helse-forde.no](mailto:jorunn.sollid@helse-forde.no)
- Sjukepleiar som er med i AHS [sunniva.vie.alme@helse-forde.no](mailto:sunniva.vie.alme@helse-forde.no)
- Telefon til barne- og ungdomsavdelinga 57 83 91 53 / 57 83 91 59

Vennleg helsing

Jorunn Sollid

Seksjonsleiar barne- og ungdomsavdelinga Helse Førde

*Dokumentet er elektronisk godkjent*